

Yngste gjestane var under halvåret

20.03.2012



Uskedalen Uvikling har liten grunn til å klage på rekrutteringa av gjester til tysdagskafeen Tlaren, Idag var dei yngste gjestane 5 og 4 månader gamle og ungeflokken talte 10 medan det var 44 vaksne.

Med andre ord held besøket seg framleis skikkeleg oppe no på nyåret. Dei 2 minste inngjekk i ein svært eksklusiv klubb i bygda som består av nyfødte opp til 1-årsgrensa

Det er ein viss tradisjon for slike barselklubbar her i dalen og så langt dreier det seg etter kva vi hører om eit vellukka felles forum og sosialt eksperiment.' Dei som er med møtast i tur og orden heime hos kvar einskild og der blir etter kva vi hører eitkvert aktuelt problem teke opp og løyst under stor openheit. Når alle 7 har vore hos kvarandre blir det gjerne eit kafebesøk som nummer 8.

Ikkje minst set Silvija Miezetiene frå Klaipeda i Litauen som kom til bygda i fjor stor pris på at ho får vera med som einaste utlending. Ho har lært mykje i klubben og er minst like blid som dotter Eva der ho let beina gå som trommestikkar og struttar av trivnad.

Silvija og Eva er til høgre og til venstre er ligg Kristoffer Enes (mor Edel Karin Lægland, held dottera Anna Simone Enes) Kristoffer er 4 og Eva 5 månader.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen